



Glasmaleriet

Ei gåve til kyrkja og byen!



Bryne
Kyrkja

BRYNE KYRKJE FEKK INNVIA SITT STORE GLASMALERI I FONDVEGGEN SUNDAG 30. JANUAR 2011

Kunstverket var første steg i ei meir omfattande rehabilitering av Bryne kyrkje, som er bygd i 1979.

I 2013 vart kyrkjerommet fornya, etter plan av Link Arkitektur. Kyrkja fekk nye fliser i koret, rullestolrampe og ny belysning. Taket vart lysna ved å kvitmala dragarar og lasera takbord. Mursteinsveggene vart slemma med lys skuringsmørtel og sekkeskurings-teknikk.

Palmesundag 24.mars kunne kyrkjelyden «flytta inn» i eit rom som let glasmaleriet koma til sin rett.

ALLE VALG HAR HATT EIT DOBBELT SIKTEMÅL: KUNSTEN SKAL LYSA UT I BYEN OG GJE KYRKJA STØRRE SYMBOLRIKDOM OG HØGTID.

Med dette har glaskunsten i Bryne kyrkje vorte eit vinn-vinn-prosjekt av kyrkje- og byutvikling.

Finansiering av glaskunsten er basert på sponsormiddel og gåver. Ei stor jubileumsgåve på 1,1 million frå Time Sparebank sitt gåvefond ligg i botn.



DEN SENTRALE PERSONEN I UTSMYKKINGA AV BRYNE KYRKJE ER PER ODD AARRESTAD

Aarrestad er fødd i Time, busett i Sandnes og ein av våre mest brukte og anerkjente kyrkjekunstnarar. Han står også bak det "gamle" kunstverket over altarveggen i kyrkja frå 1990. Den nye glasveggen er nøye integrert i dette, slik at "Kristusarmen" i midten nå har vorte framheva av ein heil vegg, der hovudmotivet er den treeinige Gud sitt lys inn i tida og livet.

GLASMALERIET ER AV DEI STØRSTE OG MEST SPEKTAKULÆRE I EI NORSK KYRKJE.

Det er også Per Odd Aarrestad sitt største glaskunstverk og har ei flate på 92 m². 75 nye kvm er planlagt i tårnveggen. Kunstverket er produsert i lokala til Integrert Kunst i Kristiansand, i samarbeid med glasmester Ole Richard Lauritsen. Det er montert i Bryne kyrkje av Egil Idsø.



LA GLASMALERIET OPNA SINN OG SANSAR, LA DET TOLKA TRUA OG LIVET, LA DET FARGA EIT KYRKJEBESØK OG SAMLINGAR MED LYSET SOM NÅ KJEM GJENNOM FARGA GLAS.

Monteringsarbeidet var ei utfordring i seg sjølv. Kunstverket veg fleire tonn, det består av to-lags farga kunstglas limt på eit centimeters tjukt herda fasadeglas inn mot kyrkjeromet. I tillegg til symbolriksdom og fargespel har glasmaleriet ein viktig funksjon i å dempa sjenerande motlys frå fondveggen utan å stenga utsynet til byen.

Til meditasjon over enkelte hovudmotiv er det trykt ein salme på baksida.

LYSET KJEM TIL OSS

Salme til Per Odd Aarrestad sin glaskunst i fondveggen i Bryne kyrkje.

Tekst: Stein Ødegård. Melodi: Irsk folketone ("Deg å få skode", NoS 479)

1 Lyset kjem til oss i fargar og glas
Kyrkja er pryda og kledd i ny stas
Lyset vil nå oss med regnbogeglans,
by opp til tru og liv i ein rik fargedans

2 Vakna til dagen og sovna mot natt:
Livet sin rytme og glaskunstens skatt.
Lys meg inn i dagen med arbeid og leik.
Send meg til kvile når kveldsglød blir bleik.

3 La meg få sjå deg i trekanta kor.
Gud, du er tre-einig, mektig og stor.
Fader, Son og Ande, til oss går din veg.
Lyset ditt strålar og dreg oss mot deg.

4 Auga ditt ser meg med varme og lys,
tiner bort frosten i meg når eg frys,
jagar bort mørket for den som går vill!
Far, i din opne famn, høyrer eg også til.

5 Steinen frå stranda er komen til ro,
Kviler i handa ved korstreet no.
La meg bli funnen og nådig bli sett.
Kristus, din kjærleiks blod let meg koma til rett.

6 Dua som landar og søker mot jord,
mjuknar eit hjarta og tolkar ditt ord.
Ande, fyll segla i skipet med vind,
la livet lokkast fram av kjærleiken din

7 La meg få undrast, trassa alt som er smått
knela i lyset frå rødt, gult og blått,
spegla kunst i kalken så fargane skin,
nåden din når meg i brød og i vin.

8 La meg sjå livet i glasbrot synt fram,
knust og sett saman or sorg og av skam.
Fuger fangar sola, gjev form og motiv,
smerte og nederlag får nytt perspektiv!

9 La meg få skimta gjennom glaskunst min
by, den eg er glad i, få sjå han på ny,
sjå han frå huset for håp og for tru,
be Gud velsigna han, ja her vil eg bu.

10 Lyset kjem til oss frå himlen kvar dag.
Bildet og Ordet skal spela på lag:
Din veg til jorda blir vår veg til deg.
Lei oss til livet på lyset sin veg. Amen.